



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 05.12.2018

Vår ref.: 2018/12212-42

Saksbehandlar: ELIMOLV

Dykkar ref.:

Rune Rydland

## Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2018

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2018.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 4. desember 2018, politisk sak 12212/18 vedteke å tildele dykk 36000 kr i tilskot til Den kulturelle spaserstokken.

### Grunngjeving:

Ved utsett søknadsfrist 10.10.2018 var det kome inn søknader frå 32 kommunar i Hordaland. Samla er det soikt om kr 4.277.300,-. For 2018 har Hordaland fylkeskommune 3.000.000,- kr til fordeling under Den kulturelle spaserstokken 2018.

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

I Hordaland har Utval for kultur, idrett og regional utvikling for 2018 valt at vurdering av søknader vart basert på ei kvantitativ vurdering (80 % av midlane) og ei kvalitativ vurdering (20 % av midlane). Den kvantitative vurderinga vart basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolking og 3) Areal. 20 % av midlane vart fordelt etter ei skjønsmessig vurdering. Kriteria som vart lagt til grunn for denne vurderinga var følgjande: programinnhald, nyskapning, utvikling av program, og samarbeid.

I saksframlegget har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Det er viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerande grunngjeving for tilråding, men som moment i ei heilsakapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2017.

Det vert elles vist til saksframlegg og vedtak som er lagt ved som vedlegg.

### Utbetalings

Beløpet vil bli utbetalt til dykkar bankkonto med det første.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalte beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalte tilskot skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnad:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den kulturelle spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.
- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2019.
- Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.
- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

### Rapportering

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 1. kvartal 2020.

Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av korleis midlane har vore nytta.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseagna. Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Elin Molven Wilhelmsen og Marianne Ose Askvik

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*